



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for kultur
Møtestad	Quality Hotell, Florø
Møtedato	12.02.2014
Kl.	10.00 – 14.30

Faste medlemmer til stades:

Nils Gjerland, Sp, leiar
Jan Olav Fretland, SV, nestleiar
Anita Nybø, Sp
Eva Hage Solstad, Ap
Torbjørn Vereide, Ap
Liv Stave, H
Trude Brosvik, KrF
Marit Barsnes Krogsæter, V
Lars-Svein Drabløs, Frp

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett: Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad
Sekretariat for møtet: Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 26.11.2013 vart godkjend utan merknader.

Orientering om kultursatsingar i Flora kommune v/varaordførar Jan Henrik Nygård, kultursjef Edvin Helgheim og kultur- og idrettskonsulent Margit Drivenes Kløvfjell.

SAK 1/14 Tilskot til musea i Sogn og Fjordane 2014

VEDTAK:

1. Tilskotet til Musea i Sogn og Fjordane for 2014 som er fastsett gjennom fylkestinget sitt budsjettvedtak vert betalt ut.
2. Føringane for bruken av midlane vert formidla gjennom tilskotsbrevet, basert på fylkestinget sitt budsjettvedtak og saksframstillinga.

Liv Stave og Trude Brosvik gjekk frå som ugilde under handsaming av saka.

SAK 2/14 Fylkeskommunalt driftstilskot 2014 - Sogn og Fjordane teater, Opera Nordfjord, Førdefestivalen og Norsk Countrytreff

VEDTAK:

1. Tilskot til Sogn og Fjordane Teater, Opera Nordfjord, Førde Internasjonale folkemusikkfestival og Norsk Countrytreff for 2014 vert utbetalt som vedteke i budsjett 2014.
2. Føringane for tilskot slik desse er omtalt i saksframstillinga vert formidla gjennom tilskotsbrev til den enkelte institusjon.

Eva Hage Solstad gjekk frå som ugild under handsaming av saka.

SAK 3/14 Verdiskaping på kulturminneområdet - prosjektsøknader 2014

VEDTAK:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune fremjar følgjande søknader til Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet:
 1. Kystpilegrimsleia Rogaland–Nidaros
 2. Kongevegen over Filefjell

- 2 Det vert sett av inntil kr 200 000 for 2014 til prosjekt kystpilegrimsleia, med budsjettdekning 514.40053. Løyvinga føreset tilskot frå Riksantikvaren og dei andre fylkeskommunane som deltek i prosjektet, i tråd med budsjett/finansieringsplan.
- 3 Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller seg og bak Hordaland fylkeskommune sin søknad for prosjektet Reiseliv i industriens vogge.

SAK 4/14 Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2014

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding: Hovudutvalet for kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at Riksantikvaren vil delegere fleire oppgåver til fylkeskommunane, og er positive til slik overføring til det folkevalde fylkesnivået. Det må følgje naudsynte økonomiske ressursar med for å kunne ta imot arbeidskrevjande oppgåver på ein god måte.
2. Fylkeskommunen meiner at all delegering av oppgåver som krev betydeleg auka arbeidsinnsats, bør kanalisert inn i prosessen fram mot nytt statsbudsjett. Oppgåvene må der omtalast med innhald, omfang og økonomisk kompensasjon. Fylkeskommunen reknar heilt generelt med at staten vil kunne (del-)finansiere oppgåver som til no har vore utført på statlege side ved tilsvarande innsparingar på statleg side.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek elles brevet frå Riksantikvaren av 28.11.13 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2014 til vitande.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 1 i staden for punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Hovudutvalet meiner at det prinsipielt er riktig å legge avgjersmynde til lokalt folkevald nivå. Vi vil likevel vere tydeleg på at utan tilførd økonomiske midlar for å løyse oppgåvene, så kan vi ikkje ta over ansvaret, då det totalt sett vil kunne svekke omsynet til kulturminner.

Venstre sette fram slikt framlegg til endring i punkt 2:

Siste setning i punkt 2 «Fylkeskommunen reknar heilt generelt med at staten vil kunne (del-)finansiere oppgåver som til no har vore utført på statlege side ved tilsvarande innsparingar på statleg side» vert erstatta med «Fylkeskommunen føreset at staten tilfører ekstra midlar til å handtere desse nye oppgåvene på ein god måte».

Avrøysting:

Kristeleg Folkeparti sitt framlegg til eit nytt punkt 1 fekk 3 røyster og vart dermed forkasta.

Venstre sitt framlegg til endring i punkt 2 vart samrøystes vedteke

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med vedteken endring i punkt 2 vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Hovudutvalet for kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at Riksantikvaren vil delegere fleire oppgåver til fylkeskommunane, og er positive til slik overføring til det folkevalde fylkesnivået. Det må følgje naudsynte økonomiske ressursar med for å kunne ta imot arbeidskrevjande oppgåver på ein god måte.
2. Fylkeskommunen meiner at all delegering av oppgåver som krev betydeleg auka arbeidsinnsats, bør kanalisert inn i prosessen fram mot nytt statsbudsjett. Oppgåvene må der omtalast med innhald, omfang og økonomisk kompensasjon. Fylkeskommunen føreset at staten tilfører ekstra midlar til å handtere desse nye oppgåvene på ein god måte.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek elles brevet frå Riksantikvaren av 28.11.13 om prioriteringar for kulturminneforvaltninga i 2014 til vitande.

**SAK 5/14 "Staten sine kulturhistoriske bygningar" -
landsverneplan for Justissektoren Fredning - kap 10 - jf
kulturminnelov §22a og forvaltningslova kap VII**

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

Fredning av Vik fengsel i Vik kommune vil sikre dei store kulturhistoriske verdiane i anlegget på ein god måte. Hovudutval for kultur har ut frå dette ikkje merknader til fredinga.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til eit tilleggspunkt 2:

Hovudutval for kultur legg til grunn at fredinga ikkje er til ulempe for vidare utvikling, naudsynt vedlikehald og evt utbygging av anlegget.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til endring:
Andre setning i tilrådinga frå fylkesdirektøren vert punkt 3 i vedtaket.

Avrøysting:

Kristeleg Folkeparti sitt framlegg til eit tilleggspunkt 2 vart samrøystes vedteke.

Senterpartiet sitt framlegg til punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesdirektøren med vedtekne endringar vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

1. Fredning av Vik fengsel i Vik kommune vil sikre dei store kulturhistoriske verdiane i anlegget på ein god måte.
2. Hovudutval for kultur legg til grunn at fredinga ikkje er til ulempe for vidare utvikling, naudsynt vedlikehald og evt utbygging av anlegget.

3. Hovudutval for kultur har elles ikkje merknader til fredinga.

SAK 6/14 Skriv og meldingar 12.02.2014

VEDTAK:

1. Referat Nynorsk forum 29.11.13
2. Kulturmidlar 2013 - administrative vedtak
3. Lokale kulturminneplanar 2012 - 2015 - Status for prosjektet januar 2014
4. Fylkessoga - rapport om framdrift i prosjektet
5. Høyring - Lovfesting av medvirkningsordning for ungdom
6. Samarbeid mellom DKS og fylkesbiblioteket/DKS
7. Invitasjon til Fylkesting for ungdom 21. - 23. mars på Skei Hotel

Muntleg orientering:

8. Møte i hovudutval for kultur 8. april på Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde

SAK 7/14 Kulturstrategi 2014 - 2017, Kulturpolitiske mål og strategiar

VEDTAK:

Innspela frå hovudutval for kultur sitt seminar om kulturstrategien den 12.02.14 vert tekne med og vurdert i det vidare arbeidet med ny kulturstrategi.

SAK 8/14 Kulturmidlar 2014 - løyving i februar

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Det vert løyvd kr 50 000 til Markane Idrettslag til Hovudlandsrenn for nordiske greiner i 2014.
- 2 Det vert ikkje løyvt tilskot til Førde kyrkjekontor og «Prosjekt Mozart Requiem» utover det som alt er gitt i form av musikartenester.
- 3 Det vert løyvd kr 20 000 til Bergen Kystlag, prosjekt i samband med Grunnlovsjubileet.

- 4 Budsjettdekning: 510 79011

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til endring i punkt 1:

1. Det vert løyvd kr 100 000 til Markane Idrettslag til Hovudlandsrenn for nordiske greiner i 2014.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesdirektøren med hovudutvalet sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Det vert løyvd kr 100 000 til Markane Idrettslag til Hovudlandsrenn for nordiske greiner i 2014.
2. Det vert ikkje løyvt tilskot til Førde kyrkjekontor og «Prosjekt Mozart Requiem» utover det som alt er gitt i form av musikartenester.
3. Det vert løyvd kr 20 000 til Bergen Kystlag, prosjekt i samband med Grunnlovsjubileet.
4. Budsjettdekning: 510 79011

SAK 9/14 Lærdal gb.nr. 45/29 - Synneva Eris hus, Husfred

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune set ikkje krav om att bygningane på gb.nr. 45/79 i Lærdal, Synneva Eris hus – Husfred vert sett i stand etter brannen eller at bygningane skal gjenreisast som dei opphavlege freda bygga.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil be Riksantikvaren om å oppheve fredingsvedtaket på gb.nr. 45/29 Synneva Eris hus, Husfred i Lærdal

Endringsframlegg:

Hovudutvalet gjorde samrøystes vedtak om å utsetje saka.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Saka vert utsett.
